



Arkivnr: 2015/11450-2  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		28.01.2016

## Elektronisk sakshandsaming i Hordaland fylkeseldreråd

### Samandrag

Ein viser til sak PS 38/15, fylkeseldrerådsmøte 05.11.2015, der rådet vedtok å føreslå elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet.

Fylkeseldrerådet er per i dag det einaste politiske utval/råd i Hordaland fylkeskommune som framleis gjennomfører sine møte basert på innkalling og saksdokument i papirformat. Rådet meiner at tida er inne for å endre på dette. Medlemene i dagens fylkeseldreråd er alle i stand til å bruke både PC og nettbrett og vil dermed kunne ta imot og lese dokument elektronisk, slik ein gjer det i dei øvrige utval og råd. Ein bør forutsette at også framtidige FYEL-medlemmer vil kunne gjere dette, med opplæring etter behov.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeseldreråd skal ta i bruk elektronisk sakshandsaming så snart det praktisk let seg gjere. Vedtaket inneber at fylkeseldrerådsmedlemene får naudsynt materiell (nettbrett, m.v.) og opplæring i bruk av dette.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid K. Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*